



Olav har all grunn til å vera fornøgd med nyfjøset

Olav Hjetland Bringedal, den største sauebonden i bygda, har ikkje fått mykje sømn i det siste. Grunnen myldrar rundt han i det nye, supermoderne fjøset som er eitt av dei mest avanserte i landet: Førebels har han fått i overkant av 200 lam og ventar ytterlegare 100.

- Det er ikkje så farleg med sømnen. Sova kan eg gjera resten av året, seier Olav.

Når uskedalen.no er innom har han besøk av ein annan ihuga sauebonde i bygda, Andreas Kristoffersen frå Musland. Han har til no fått 100 lam.

Men det er ikkje berre kolleger frå Uskedalen som er innom for å sjå og studera det avanserte fjøset. Olav har også hatt besøk av sauebønder frå Sogn og Fjordane og ventar interesserte også frå andre kantar snart. Pågangen av sauefolk er naturleg nok stor.

Oppdrettarane er opptekne av kva den unge uskedelingen har fått til. Ikkje minst gjeld det kraftforautomaten som er unik i landet så langt og som gjev sauene for 6 gonger i døgnet.

Olav har plass til 240 vinterfora søyer i fjøset sitt men denne første vinteren har han stoppa på 180, dei fleste av rasen

norsk kvit sau.

- Er det ingenting du angrar på?
- Jau, ein einaste ting, at eg ikkje starta med dette prosjektet allereie i 2006 - det vil seie straks eg gjekk inn for å satsa på sau.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen